

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
075/20	Kommunestyret	PS	30.06.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4339

Meldingar

Underliggende saker

Saksnummer	Tittel
075/20.1	Oversikt fordeling av kulturmidlar 2020

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

Kommunestyret - 075/20 - 30.06.2020

KS - behandling:

Bjørnar Fjellhaug orienterte om tildelinga som er gjort.

Det er tildelt tilsvarende summar som det var gjort i 2019, og det står att ein pott som kan omfordelast eller tildelast seinare.

Ordførar Per Lerøy sa at fordelinga av resterande sum kan kommunestyret ta opp seinare, og ba om at dette vart teke opp i formannskapet i møtet 20. august. Det har vore diskutert tildeling av kulturmidlar til samfunnshuset, dei får pengar frå kommunen utanom dette.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) spurte om korleis utdelinga av kulturmidlar har vore annonsert, og om det er slik at enkelte ikkje har fått det med seg at det var utdeling no i vår. Brekke sa vidare at det var bra om dette kjem opp igjen til hausten.

Kommunalsjef kultur og oppvekst Bjørnar Fjellhaug svara at det kan ha hatt noko å seia at det ikkje var utdeling av midlar i 2019, og at nokon kan ha tenkt at det ikkje var noko å søka på i år. Fjellhaug viste til at ein kan sjå nærare på dette til hausten.

Monika Thorpe (Ap) spurte om det at samfunnshuset får 45.000 kroner i årleg støtte utelukkar dei frå å få kulturmidlar. Fjellhaug svara på dette og viste til retningslinjene, der det heiter at organisasjonar som primært leiger ut bygg, ikkje skal tildelast kulturmidlar.

Ordførar Lerøy viste til at for enkelte organisasjonar så har ein i vår hatt utsett årsmøte, og det kan ha gjort at skifte av styre kom midt i denne søknadsperioden.

Reidar Øksnes (Sp) sa at ein kan gjerne ta ein runde til med søknader i haust, eventuelt som ei budsjettjustering.

Kommunalsjef Service og forvaltning, Thomas Lindås, sa at alle uansett står fritt til å søka om støtte.

Marita Bru (Bygdelista) spurte om kva som er kriteria for kulturmidlane, og om desse er godt nok kjende.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til retningslinjene, og delte link til heimesida til kommunen (<https://www.austrheim.kommune.no/aktuelt/nyheiter/kulturmidlar-2020/>). Dyrkolbotn ba om at det til hausten vart lyst ut på ein måte slik at absolutt alle kan få søka, om det først skal vera ein ny søknadsrunde etter fristen. Dyrkolbotn sa vidare at det ikkje var uvanleg at det står att ein sum etter tildelinga, og at det er noko ein kan ta opp i formannskapet.

Ordførar Lerøy (Ap) presiserte at det ikkje var meint at ein skulle gå direkte til enkeltlag med midlar, men ope for alle.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at dersom ein har gått etter retningslinjene må det vera OK, eller så må ein sjå på retningslinjene.

Kommunalsjef Fjellhaug sa at ein føl kriteria. Elles er det lite midlar til kulturfeltet, så ein må gjerne halda att og så sjå til hausten kva som kan dukka opp.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Meldinga vart teken til orientering

Saksopplysninger: